

Stemning

Stemning i sak om foreldreansvar, og/eller kven barnet skal bu fast hos, og/eller samvær, jf. barnelova § 58

Alle felt merka * må fyllast ut

1. Domstol	
Skriv inn namnet på domstolen *	

2. Saksøklar (dine personalia)			
Fullt namn *		Fødselsdato	
Bustadsadresse *		E-postadresse	
Postnummer *	Poststad *	Telefon privat	Telefon mobil
Namn prosessfullmektig/advokat		Adresse prosessfullmektig/advokat	

3. Saksøkt			
Fullt namn *		Fødselsdato	
Bustadsadresse *		E-postadresse	
Postnummer *	Poststad *	Telefon privat	Telefon mobil
Namn prosessfullmektig/advokat		Adresse prosessfullmektig/advokat	

4. Barnet/barna som saka gjeld			
Barnet sitt namn *	Fødselsdato *	Adresse *	Postnr./Poststad *

5. Kva tvisten/usemja gjeld (set eitt eller fleire kryss) *	
Foreldreansvar	<input type="checkbox"/>
Kven barnet/barna skal bu fast hos	<input type="checkbox"/>
Samvær	<input type="checkbox"/>

6. Kva usemja om barnet/barna gjeld/grunngevinga for kravet ditt *

Ved plassmangel, skriv grunngevinga på eige ark og legg det ved dette skjemaet.

7. Eventuelle bevis som du ønskjer ført

8. Påstanden din *

Døme på påstand:

- NN skal ha foreldreansvar for AA født ..., eller NN og YY skal ha felles foreldreansvar for AA født ...
- AA født ... skal bu fast hos NN
- AA født ... skal ha samvær med NN til følgjande tidspunkt : ...

9. Vedlegg

Meklingsattest * Sjå rettleiinga for meir informasjon

Tal vedlegg

10. Underskrift *

Dato

Stad

Signatur

Rettleiing

Dette skjemaet kan ikkje brukast ved krav om førebels avgjerd.

Stemning

Stemning i sak om foreldreansvar, og/eller kven barnet skal bu fast hos, og/eller samvær, jf. barnelova § 58

Innleiing

Foreldre som er usamde om foreldreansvar, kven barnet/barna skal bu fast hos, eller om samvær, kan bringe saken inn for retten ved *stemning*. Kva ei stemning skal innehalde følgjer av barnelova § 58 første ledd. For at stemningen skal fylle vilkåra lova stiller og gi domstolen dei nødvendige opplysningane, må felte merka med stjerne* fyllast ut. Det er et vilkår for å reise sak at meklingsattest er lagt ved.

Skjemaet er utforma med tanke på kva ei stevning vanlegvis vil innehalde. Dersom du ønskjer å opplyse domstolen om andre forhold/krav enn skjemaet gir rom for, kan dette gjeres på eige ark. Det er også mogeleg å fremje stevning utan å nytte dette skjemaet.

Treng du hjelp til utfylling av skjemaet kan du vende deg til domstolen.

1. Domstol

Skriv inn namnet på den domstolen stemninga skal sendast til. Stemninga skal sendast til domstolen (tingretten) der barnet bur. Barnet har normalt bustad hos den av foreldra det bur fast hos. Har barnet delt fast bustad, kan stemning sendast til ein av domstolane der barnet har fast bustad. Gjeld saka søsken med forskjellige bustader, kan felles stevning sendast domstolen der eitt av barna bur.

2. Saksøklar

Nemninga saksøklar blir brukt om den som reiser sak for retten ved stemning. Skriv inn dine personalia. Du står fritt til om du vil ha hjelp av advokat.

3. Saksøkt

Saksøkt blir brukt som nemning på den det blir reist sak mot. I denne samanhengen vil det seie far eller mor til barnet. Skriv inn saksøkte sine personalia.

4. Barnet/barna som saka gjeld

Skriv inn personalia til barnet/barna.

5. Kva tvisten/usemja gjeld

Oppgi kva usemja mellom foreldra gjeld ved å setje eitt eller fleire kryss.

6. Kva usemja om barnet/barna gjeld/grunngevinga for kravet ditt

Gjer greie for kva løysing du ønskjer/kva som er ditt krav i saka. Gjer kort greie kva usemja gjeld og grunngevinga for kravet ditt. Innleiingsvis kan du kort opplyse om kven som har foreldreansvar, kvar barnet bur fast og/eller korleis samværet er ordna i dag. Du kan også opplyse om kva grunnlag dagens ordning bygger på (til dømes avtale, rettsforlik eller dom). Viss dagens ordning byggjer på ei offentleg avgjerd eller rettsforlik, kan den berre endrast viss det føreligg særlege grunner. Føreligg det ikkje særlege grunnar kan domstolen avvise saka.

Avgjerd om foreldreansvar, om kven barnet skal bu fast hos, og om samvær, skal først og fremst rette seg etter det som er best for barnet, jf. barnelova § 48.

Kva som er barnet sitt beste blir avgjort ut i frå ei samla vurdering med utgangspunkt i barnet sine behov.

Moment som kan tilleggast vekt er mellom anna:

- best mogleg samla foreldrekontakt
- den enkelte forelderens si omsorgsevne
- den enkelte forelderens sine moglegheiter for omsorg i tida framover
- stabile forhold i heimen
- risiko ved miljøskifte
- barnet si tilknytning til søsken
- barnet si meining
- barnet si kjenslemessige tilknytning til kvar av foreldra

7. Eventuelle bevis du ønskjer skal førast

Skriv opp eventuelle bevis som du ønskjer å føre (vitne, sakkunnige vitne, dokument). Ønskjer du å føre vitne må du gjere kort greie for kva dei skal gi forklara seg om. Skriftlege dokument som er utarbeidd i høve saka blir berre tillete ført som bevis viss saksøkjaren samtykkjer.

8. Påstanden din

Her skal du så presist som mogeleg formulere kva du meiner retten si avgjerd bør gå ut på.

Døme på påstand finn du i det grå feltet under punkt 8 i skjemaet.

9. Vedlegg

Det er eit vilkår for å reise sak for retten at foreldra kan leggje frem gyldig meklingsattest. Alle familievernkontor driv mekling. Ogå einskilte prestar, advokatar, psykologar eller fagpersonar ansatt i offentleg helse- og sosialinstans eller PPT, kan være godkjente meklarar. Du kan vende deg til fylkesmannen for å få vite kor nærmaste mekler fins.

Oppgi det samla talet på vedlegg.

10. Underskrift

Stevninga må underskrivast og daterast.